

# Open Access

– ikkje berre i akademia



På Söder i Stockholm ligg det ganske spesielle **Världsbiblioteket**. Det er eigd og finansiert av **Solidaritetshuset**, eit kollektiv som eit trettital foreiningar innan den svenske freds-, miljø- og solidaritetsrørsla står bak. **Världsbiblioteket** er også sterkt til stades på Veven. Frå før har dei nettstaden [www.macondo.nu](http://www.macondo.nu), ei viktig kjelde for formidling av omsett skjønnlitteratur (til svensk) frå Afrika, Asia og Latin-Amerika. Og denne hausten har dei gått i gang med den truleg første Open Access-tenesta (OA) i Norden utanom universitet og

høgskolar, nemleg [Globalarkivet.se](http://Globalarkivet.se).

Biblioteket har kontakta eit utval tidsskrift og foreiningar på «globaliseringsområdet» og bedt om lov til å skanne og leggje ut artiklar

og rapportar om alt frå økonomi (p.t. 341 artiklar) og historie (94), via miljø (310) til sosiale spørsmål (440). Målgruppene er særleg elevar i vidaregåande skole og foreiningslivet sjølve. Foreiningane og redaksjonane gjer jobben med å klarere det opphavsrettslege med forfattarane ved å leggje fram ein standard kontrakt. Världsbiblioteket har utvikla, og dei møter jamt over stor velvilje. Opphavspersonane kan velje mellom tre variantar av Creative Commons-lisensen (CC), som alle tillet nedlasting, utskrift, kopiering, vidare distribusjon og nytrykking på vilkår av at ein nemner forfattarens namn. Redaksjonens eige stoff går greitt, men nokre frilansarar krev betaling, og dei fell då ut. I dette første prosjektåret deltar ti tidsskrift og fjorten foreiningar, og p.t. er det ca 1400 artiklar/rapportar i basen. Innan lanseringa i 2009 skal dei vere oppe i 2000, og då skal basen opnast for fleire. Programvaren for basen heiter *Eprints*, som er open kjeldekode og utvikla av universitetet i Southampton. Prosjektet har blant anna fått støtte frå SIDA, det svenske NORAD.

[Globalarkivet.se](http://Globalarkivet.se) er eit viktig prov på CC-lisens som alternativ til den aukande «innlukkinga» som tradisjonell opphavsrett representerer. Modellen burde kunne overførast til mykje anna, f.eks. lokalhistorie! AE

**Senaste bidragen** *Viva flex*  
17/11. *Vin utan drivsvet fortfarande en handighet*  
Johansson, Kajsa. Södra Afrika.  
17/11. *"Vi vill visa både det positiva och negativa i Öndalarna"*  
Björman, Perstin och Eriksson, Åsa. Södra Afrika.  
17/11. *Societät Fören i Haparuta*  
Skvibröm, Johan. Södra Afrika.  
17/11. *Rättvisemärket vin på fruktmarken i Sydafrika*  
Quistafsson, Ingemar. Södra Afrika.  
17/11. *Nya ämnesportaler i nordhavet*  
Pettersson, Annika. Södra Afrika.